

BOKN BYGDABLAÐ

NR. 9 NOVEMBER 1990 årg. 5

UTGJEVAR: BOKN KULTURKONTOR

BOKN ER SAMLA TIL EITT RIKE

I desse dagar skal koplinga i midtspennet på Boknasundet bru skje. Det vil seia at også Vestre Bokn er landfast. Det vil likevel gå ei tid før brua kan åpnast for ferdsle. Det skal m.a.setjast opp rekkverk og lagast gang og sykkelveg ved sida av kjørebanane. I tillegg skal det fyllast opp veg fram til brua på vestsida, og det skal asfalterast på begge sider av brua.

Vegvesenet seier i siste kvartalsrapporten sin at ein meiner brua med sidevegar er kjørbare midt i januar.

Når det elles gjeld vegen fram til ferjeleiet på Are, er han ferdig planert og delvis grusa fram til Lauplandsvågen. Sør for Lauplandsvågen er vegen ferdig utsprengd det meste av strekninga. Bru over Lauplandsvågen er under bygging.

Ved Arsvågen ferjeleie er sprenging og masseflytting for oppstillingsplass og tilstøytande vegar godt i gang.

Pr. 1. september 1990 er det brukt 190,97 mill. kroner på heile anlegget.

Vegvesenet tar sikte på åpning av heile anlegget innkludert

ferjeleie i slutten av juni 1991. Kaihuset skal ha byggestart i januar 1991, og skal vera ferdig 31. mai 1991. Asfaltering frå Industrivegen til Lauplandsvågen vil foregå midt i januar. Lauplandsvågen bru skal vera ferdig til jul. Boknasundet bru er berekna ferdig ved årsskiftet 90/91.

Totalt sett er det nå 65 personar involvert i prosjektet utanom konsulentar og vegkontor. Utanom Vegvesenet sine folk med innleigde maskinar er det firmaene Aker Entreprenør (Boknasundet bru) som har 20 mann i arbeid, W. Engelsen (ferjeleie) har 11 mann. Vidare har Haaland & Thuestad (Lauplandsvågen bru) 8 mann på byggeplassen.

IDRETTSSKULEN

Idrettskulen starta opp 6. september. May Elisabeth og Marit Elin er instruktørar for dei yngste. Gruppa er delt i to, 3-4 år og 5-6 år, 45 min. på kvar gruppe ein gong i veka. Det dei har starta opp med er at ungane skal bli kjent og føla seg trygge i salen. Aktivitetane er balansetrening, stafett, sang, sang-leker, stasjonstrening o.s.v. Dette er ei svært aktiv gruppe som gir alt dei har på 45 min. Det som er mest populært er å få hoppa på dei tjukke mattene.

Gruppa 7-10 år vert leia av Sigrunn. Dei driv med aktivitetar som orientering, fotball, håndball, friidrett, innebandy, musikk og bevegelse. I denne gruppa er det flest jenter som er med. I alt er det ca 40 aktive.

Målsettinga med idrettskulen er å bli glad i å bruke kroppen sin i ulike aktivitetar.

Fritidsleiaren

FORSMAK PÅ BYGDEBOK

Bygdeboknemnda vil før jul gi ut ein liten forsmak på bygdeboka som skal lagast seinare. Det vert eit hefte som skal innehalda heile gardsnamn-serien som har gått som serie i bygdabladet. I tillegg vil det bli artiklar om Svartedauden i Bokn, om hekser og litt meir generelt om utviklinga på Bokn i gamal tid.

Heftet vil bli på omlag 50 sider, og vil få ein pris på 50 kroner.

Overskotet tar ein sikte på skal gå inn i bygdebok-fondet. Forfattar er Birger Lindanger som seinare skal skriva bygdebok for Bokn.

SR-BANKOFON (04) 53 20 45

gir deg automatisk kontoopplysning hele døgeret. Som kunde i SR-BANK kan du som har tastafon, stjerne, firkant og tonesignal benytte deg av SR-BANKOFON. Personleg kode får du i SR-BANK.

Som kunde i SR-BANK ønskjer vi å kunna tilby deg best muleg service.

Her har vi forsøkt å gi deg eit oversyn over enkle og tidsparande tenester som du kan utføra sjølv!

Ta kontakt med ein av kunderådgivarane som meir enn gjerne hjelper deg med råd og rettleiing.

**Effektiv og rask service -
Velkommen til SR-BANK**



MILJØUTVALET VIL HA OPPRYDDING

Miljøutvalet i Bokn behandla den 4. oktober ei sak om private avfallsplassar. Rundt omkring i kommunen er det ein god del avfallsplassar som bør renskast opp. Det er både skjemmande og i einstilte tilfelle kan det vera helsefare forbunde med dette, avhengig av kva stoff som er dumpa. Ovafor formannskapet har miljøutvalet bede om at Bokn kommune som eit eingongstilfelle set i gong ein ryddeaksjon på private avfallsplassar for å fjerna

avfallet. Miljøutvalet meiner at grunneigararar bør tilskrivast med tilbod om å få fjerna avfallet. Ein meiner at lag og organisasjonar kan utføra arbeidet mot ei viss godtgjering frå kommunen, og at teknisk etat administrerer aksjonen.

Miljøutvalet meiner vidare at ein kan ha årlege ryddeaksjonar i strandsona. Dersom oppryddingsaksjonen kjem i gong vil kommunen seinare koma tilbake med informasjon .



NYTT FRA IDRETTSLAGET

Vi gratulerer hjerteligst smågutt/jente-laget i fotball med 1. plassen i 3.divisjon avd. D. De hadde 10 seire, 1 uavgjort og 1 tap. Godt gjort!

Følgende spillere var med:
Johnny Borgenvik, Kjell A. Drange, Roy K. Drange, Fredrik Faye, Rannveig Foss, Stephan Haram, Lene Jensen, Bjørn Jøsang, Roger Jøsang, Kristin Laupland, Richard Skår, Thomas Skår, Marita Svendsen, Gjermund Sæbø, Inge Våge og Terje Øvrebø.

Vi gratulerer også seniorlaget i fotball med 2. plassen i B. divisjon avd. C.
En flott prestasjon.

OL-marsjen ble avviklet søndag 14. oktober med 34 deltakere. Dette blir en årlig marsj frem til OL i 1994. Håper på flere deltakere neste år.

De som har gått turorientering og oppnådd poeng til medalje, vennligst lever inn skjemaet til et av styremedlemmene.

Husk dametrimmen (aerobic) onsdagskveldene og volleyball for barn og menn torsdagskveldene.



folk i form til OL



UTFLYTТА BOKNAR :

Noko av det eg minnest frå tidleg barndom i Bokn var Kvednabekken. Han var gild. Om hausten stengde bøndene i bygda for vatnet i Stemmen i Boknabergsvatnet. Dei skaffa seg drivkraft til å treska kornet heime i løene sine. Når dei slepte vatnet laus nedetter bekkjen, tok kadlane til å sviva. Drivhjulet dreiv tauet som gjekk som ei taubane på trinser heimetter bøane. Tauet dreiv treskemaskina. Då laut dei vera kvikke å treska medan vatnet rann. Det er så vidt eg minnest dette tidleg i 30-åra. Eg hugsar betre dei som mol kornet i dei 7 - 8 kvernhusa. Det dreiv dei på med like til krigstida.

Eg trur det kom ein slags revolusjon til Bokn då hermetikkfabrikken kom i gong tidleg på 40-talet. Då vart det arbeid til alle og det kom framande frå andre kommunar. Like frå Jæren kom det folk til fabrikkjen. Folketalet auka og var på den tida godt over 800. Eg tente mange kroner på fabrikkjen, og det var liv og røre med fabrikklivet. Me som var skuleongar gjekk annankvar dag på skule. Dei andre dagane

gjekk me i arbeid på fabrikkjen og tredde brisling eller sild.

Me tente på akkord, og arbeidstilsynet var ikkje så nøyse med den låge alderen.

Eg prøvde meg litt som brislingfiskar 2 sumrar. Eg blei sjøsjuk. Dermed vart det ikkje fiskar av meg. 17 år gamal reiste eg til Bryne til landsgymnaset. Etter den tid budde eg aldri meir fast i Bokn, men framleis var eg boknar og betalte skatt dit til midt i 50-talet. Etter skulegang på Bryne gjekk vegen til Kristiansand. Eg kom inn i militæret der og gjekk befalsskule. Eg heldt på å bli verande i forsvaret. Eg fekk fast arbeid og vart gift og fekk barn. Då var eg busett i Kongsberg. I forsvaret måtte me reisa mykje og vera med på dei store manøvrane kvart år. Det var ofte surt å bu i telt og sova i halm. Eg trur det kan vera årsaka til at eg etter 5 år søkte lærarskulen. Me selde alt det innbuet me hadde skaffa oss og finansierte noko av utdanninga slik. Seinare vart det meir utdanning - mest i sumarmånadane.

I 1959 kom me til Sandnes og har sidan budd her det meste av tida. Eg har hatt høve til å vera med i den rivande utviklinga i skulen og har

hatt problem med å omstilla

meg til alt det nye som er kome til kvart tiande år. Problemet har ofte vore at eg ikkje alltid har vore overtydd om at det nye var betre enn det me alt hadde. Eg har ofte undrast kva for eg vart lærar og skuleleiar. Eg har aldri vore nokon ihuga lesehest og eg har i unge år heller ikkje vore så storveges glad i å gå i skule. Likevel har eg vore elev i 18 år av livet mitt frå eg tok til som 7-åring. Arbeidet som lærar har eg likt svært godt. Eg har hatt trivelege arbeidsdagar og har kjent arbeidet meiningsfylt.

Sume tider møter eg framande her i Sandnes. Mange av dei spør kor eg er frå. Dialekten er ikkje frå Sandnes. Nei, - eg er boknar. Slik kjenner eg det og - kjem ikkje utanom det sjølv om eg har budd dobbel så lang tid i Sandnes som i Bokn. Men eg kjenner ikkje så mange av dei bufaste boknarane lenger. Då eg var ung kjende eg namnet til kvar einaste og

visste kven det var. No

kjenner eg att berre sume av dei eldste.

Snart blir Vestre-Bokn

landfast. Då blir det lett å koma til og frå. Det blir ei lette både for dei bufaste og for oss som bur rundt om. Det blir andre tider i Bokn. Me vil nok merka at øya ikkje blir så fredeleg og roleg som til nå. Det blir som ein revolusjon. Det blir spanande - det blir ei ny tid. Dei som kjem reisande forbi vil sjå at Bokn er ein vanleg moderne kommune. Kvernhusa langs Kvednabekken er borte og dei fleste av dei som mol er borte. Kvednahuset på Hognaland er eit minne om ei tid då dei fleste måtte streva hardt for å halda svolten frå livet. Nå er alt enkelt og lettvindt - også å koma til og frå. Landfast med Tysvær i framtida. Kanhende kjem dei i hop dei to kommunane? Me lever i spenning om det spørsmålet også me som ikkje er bufaste. Om det skulle bli storkommune i framtida ein gong, bør namnet bli BOKN. Me som er flytta ut kan ikkje seia at me er frå Tysvær om nokon spør.

FRAMTIDSPLAN FOR BARNEHAGEDRIFT

Bokn formannskap har ved vedtak av 25.09.90 rådd til at kommunestyret vedtek slik plan for barnehageutbygging i Bokn:

"PLAN FOR BARNEHAGEUTBYGGING I BOKN MOT FULL BEHOVSDEKKING I ÅR 2004

MÅL:

Bokn kommune skal kunna gje eit pedagogisk tilbod til alle barn i alderen 1 -6 år når foreldra ynskjer det. Foreldre skal så langt råd er få tilbod om eit tilfredsstillande tilsyn for barna sine i eiga arbeidstid.

TILTAK:


1. Det blir vurdert å setja i gong mellombels løysingar til starten av barnehageåret 1991/92 for så langt råd er å gje alle søkjarane tilfredsstillande tilbod. Framlegg til mellombels løysingar må leggest fram for kommunestyret til behandling i god tid før opptak til barnehagen.

2. I samband med skuleombygginga tek ein sikte på å leggja til rette for 6-årstilbod i skulebygget.

3. Vidare utbygging av barnehagen må skje ut i frå etterspørsel etter barnehageplassar, og ei tilpassing ut i frå kommunen sin økonomi i handlingsplan og langtidsbudsjett. Plannemnd for vurdering av alternative utbyggingsløysingar vert oppretta i 1992."

Det er Lov om Barnehagar som seier at alle kommunar skal utarbeida ein plan for utbygging av barnehagar der målet er full behovsdekking i kommunen.

Planen skal ha som mål at kommunen skal ha full barnehagedekking innan år 2004. Dette vil seia at kommunen skal ha ein plan som skal gje plass til 90 % av 1 - 6-åringar innan 2004.



STØTTE TIL FORSØKSRINGEN

Haugaland Forsøksring har fått kr. 5.000,- i støtte frå Bokn kommune for 1991. Det var Bokn formannskap som nyleg gjorde vedtak om dette. Haugaland Forsøksring har nå 230 medlemmer, og desse fordeler seg på kommunane Utsira,

Haugesund, Karmøy, Sveio, Tysvær og Bokn. Sigmund Alvestad er for tida formann i styret for forsøksringen. Forsøksringen driv m.a.lokalt forsøksarbeid innan forvekstar, grønsaker, bær og frukt.

ELEVAR I VIDAREGÅANDE SKULE

MANGE TAR BUSSEN TIL SKULEN

Trafikkleiar Arne Wik ved Haugaland Billag opplyser til bygdabladet at den såkalla skuleruta frå Tåganess kl. 07.10 jamt over har frå 10 -13 passasjerar dagleg til Haugesund. Det er hovudsakleg elevar i vidaregåande skular. Frå Haugesund til Bokn går det buss kl.14.50 og kl. 15.40. Med den første er det i snitt 11 passasjerar. Med den siste er det ca. 6 - 7.

Arne Wik seier at det nok er eit større passasjerpotensiale, fordi fleire Boknelevar ville gått på skule i Haugesund dersom dei ikkje alt hadde vore midt i skulegangen ved vidaregåande skule i Kopervik. Rutene kom også så seint i gang at det kanskje var nokon som alt hadde skaffa seg hybel i Haugesund. Wik meiner såleis at det nok er

håp om fleire passasjerar frå neste skuleår.

Haugaland Billag hadde nyleg eit møte med Bokn kommune for å drøfta ruteopplegg på Bokn i tida som kjem.

Opplegget er delt i to faser: nemleg fase I når Vestre Bokn vert landfast, og fase II når ferjesambandet Arsvågen - Mekjarvik vert sett i gang.



Når Vestre Bokn er landfast bussen sjølsagt kjøra over brua, men meir er endå ikkje heilt avgjort. Når ferjesambandet er sett i gong, vil det bli snakk om bussruter til Are. Ein vil også prøva å tilpassa bussruter til hurtigbåtane. Førabels skal hurtigbåtane ha Føresvik som

BIBLIOTEKET

TIRSDAG: 10-13.30

ONSDAG: 16-19

TORSDAG: 10-13.30

LESETIPS FOR NOVEMBER

VAKSNE

Hoel, Sigurd:
Syndere i sommersol.

Årnes, Sverre:
Oprasjon Narvik.

Henriksen, Vera:
Silhuetter mot hvitt lys.

Berg, Bjørg:
Syndens sold.

Bjørnstad, Ketil:
Skumringsmulighetene.

Bokstavelig talt på
biblioteket

BARN OG UNGDOM

Belsvik, Rune:
Eit hus fullt av mørker.


Vik, Walter:
Fanget: Jan og Fatima 3.

Newth, Philip:
Drusilde.

Dahl, Tor Edvin:
Den flygende mare.

Solli, Åse Gyrid:
Mårs arving.





Barne- og ungdomsbokaksjonen

12. - 16. NOVEMBER

EIN LITEN OVERRASKELSE TIL ALLE BARN I AKSJONSVEKA!

LES NOE :

**Fra
første stund**



- Mest for dere foreldre -

LES NOE :

Fantastisk



- Mest for deg som er ung -

LES NOE :


Skrekkelig



- Mest for deg mellom 9 og 12 år -

LES NOE :

Spennende



- Mest for deg mellom 6 og 8 år -

TEMAFOLDERANE FÅR DU PÅ BIBLIOTEKET I AKSJONSVEKA

**VELKOMMEN TIL BARNETIME OG BOKKAFE ONSDAG 14. NOVEMBER
BARNETIMEN BYRJAR KL. 17.00.**

UNGDOMMENS KULTURMØNSTRING 90/91

KVA ER UNGDOMMENS KULTURMØNSTRING?

- Ungdommens kulturmonstring skal oppmuntre alle mellom 10 og 20 år til å utvikle sine skaparevner.
- Lokale monstringar(kommune monstringar) skal gi unge høve til å presentere det dei har laga.
- Ungdommens kulturmonstring kan starte i skular, fritidsklubbar, lag, organisasjonar eller heime i kjellaren.
- UNGDOMMENS KULTURMØNSTRING skal vera med på å gjera ungdomskultur aktiviteten synleg.

MÅL OG INNHOLD 1990/91

- Temaet er: KULTUR PÅ TVERS
Dette gjer det mogeleg å vise heile mangfaldet av skaparevna og skapargleda hos ungdommen, og vi oppmodar til samarbeid mellom dei ulike kulturaktivitetane.
- Kva med å kombinera fleire uttryksformer som:
Musikk/teater
Musikk/video
Biletlegging av tekst(song/lyrikk)
Teater/biletkunst
Dans/teater/biletkunst
Kunsthåndverk/Teater o.s.v.
- Det er eit utal av måtar å samarbeide på, så set fantasien i sving!
- Men samarbeid er ikkje eit krav. Dei som stiller opp åleine, er akkurat like velkomne.

HAR DU LYST TIL Å BLI MED?

SJÅ ETTER OPPSLAG!
DU VIL FÅ HJELP TIL Å KOMA IGANG!

Spørsmål kan stillast til kulturkontoret v.Linda Ognøy.



STADNAMN I BOKN:

Gunnarstad

Gunnarstad er et av de enklare namna å tyda. Det kjem beint fram av mannsnamnet Gunnar og betyr Gunnars stad. Garden er elles gammal nok, minst 1500 år. Han blei rekna mellom dei ringare i bygda, "Nesten field Jord" som det heitte i 1668. Det er kanskje ein viktig grunn til at brukarane sjølv åtte garden tvers gjennom dei verste leiglendingtidene.

Difor var garden også mellom dei som blei avfolka etter Svartedauden. Fyrst midt på 1500-talet kom det på ny folk på garden. Og frå kring 1630 var dei to familiar på garden, eit tal som heldt seg eit par hundre år. Utpå 1700-talet slo det seg også ned ein familie som husmenn under garden i Breivik.

På 1600-talet var garden delt i to jamnstore partar der kvar bonde heldt ein hest, seks kyr og ti - tolv sauer. Men fram mot 1700 ble dette forholdet forandret slik at den eine brukaren dreiv tri vetter og den andre bare ein vett av garden. Dette førte også til ei tilsvarende fordeling av buskap og avling. Difor hadde Ola, den minste av bøndene, bare tri kyr og seks smaler, mest som ein vanleg husmann. Avlinga var ikkje på meir enn 450 kilo havre. Når han så laut leggja til sides 76 kilo til såkorn, 90 kilo til tiend og kring 100 kilo til å betala skattane, fanst det ikkje att meir enn kring 260 kilo til maten, kanskje helvta av det som trongst til brød og graut. Me får tru at det også på Gunnarstad var sjøen som blei berginga.

Torland

kjem anten av mannsnamnet "Tor" eller av kvinnenamnet "Tora". Han var mellom dei ringaste gardane i bygda på line med Aksdal på Austre Bokn. Garden låg så høgt og fjellendt og så langt frå sjøen at åkerbruket gav mindre av seg i forhold til husdyrhaldet enn det som var vanleg elles på Bokn. Difor var garden i motsetnad til gardar flest i distriktet skyldsett i smør og ikkje i korn. Tolv kilo godt smør laut bonden på Torland kvart år gje presten på Falnes i leige for bruksretten på 16- og 1700-talet. Men heller ikkje husdyrhaldet var eigentleg storarta. Fyrst på 1700-talet då Sjur dreiv garden, var det ikkje rom for meir enn ein hest, seks kyr og tolv sauer. Og dette var ikkje husdyr av moderne merke. Desse kyrne gav ikkje meir enn 500 liter mjølk kvar årleg!

Under slike tilhøve er det eigentleg ikkje rart at det tidvis var vanskeleg å halda garden busett. Sidan han fyrst blei rydda for kring 1500 år sidan, blei han truleg fyrst lagt øyde eit hundreår eller to etter 550 e. Kr., dinest blei han fråflytta etter Svartedauden og pestepidemiane som fylgde på 14- og 1500-talet for på ny å få ei kortare tid med avfolking på 1900-talt. Og stort sett var det bare ein familie som fann livsrom her, i 1650 som 1990. Her var det ikkje rom for husmannsplassar.

Birger Lindanger

FRA NÆRINGSKONSULENTEN

Kommunen har i den senere tid hatt kontakt med flere personer med ideer og tanker om nyetablering. De fleste kommer utenfra kommunen - og holdt på å si "dessverre". Det er bra dersom disse kan ha livets rett og gli naturlig inn i miljø. Savner imidlertid pågang fra kommunens egne, enten det er noe en synes en mangler på stedet eller det er egne ideer til etablering. Det viser seg som regel at de tiltak som kommer fra kommunens egne oftest er mer realistiske og gjerne knyttet til det en kaller stedsutvikling.

Jeg tror at en god stedsutvikling - d.v.s. at det private og offentlige servicetilbud utvikles - vil føre til at flere ønsker å bosette seg eller bli i Bokn. På sikt vil dette gi arbeidsplasser.

Bokn vil være stadig mer interessant som bosted og etableringssted når broene står ferdig og ikke minst når ferjetrafikken vil gå over Are. Vi vil nok når så langt kommer få stadig flere henvendelser. Med det gode bomiljø som finnes og også kan bedres vil det være et privilegium å bo her samtidig som en kan dra nytte av de to tettstedene - Haugesund og Stavanger. Begge med en ca reisetid på 40 min.

Kyststamvegen og en økende interesse for Bokn setter store krav til kommunens ressurser, og kommunen vil med det første igangsette arbeidet med en strategisk næringsplan. Hensikten med planen er å prøve å kanalisere ressurser mot de mål en setter seg. Næringslivet vil være en viktig medspiller, men vel så viktig vil stedsutviklingen være.


Kommunen har nedlagt ressurser i service-, industri- og boligområde ved Knarholmene, og det vil være naturlig at en konsentrerer seg om å få utnyttet de mulighetene som ligger der.

Bl.a. har en over lengre tid ønsket en bensinstasjon og vi har vært så heldig å få en aktuell interessent.

Jeg mangler fortsatt noen som kunne tenke seg å starte hjemmebakeri. Invitasjonen fra Kvitsøy om å besøke dette hjemmebakeriet står fortsatt ved makt.

Har du ideer til stedsutviklingen eller til etablering? Ikke vær redd å kontakte næringskonsulenten.

Hilsen
Næringskonsulenten



Stein Alendal

PÅ KONFIRMANTLEIR

Det er tradisjon å dra av garde på eit par dagars konfirmantleir. I år var boknarane ekstra heldige. Presten hadde ikkje oppdaga at haustferien var kortare enn vanleg, så det vart ein dag ekstra skulefri.

Me drog avgarde mandag ettermiddag til Brandøy Ungdomssenter utanfor Ølensvåg. Her er det ein kjempeflott plass å vera, fine rom og god plass elles.

Boknarane var dette året saman med dei frå Tysværsvåg og ein klasse frå Frakkagjerd.

Det smaka godt med kveldsmat, og stemninga var god. Det vart sang, teiknefilm og konkurransar i god blanding.

Natteroa senka seg etter kvart, og vaktene i gangen hadde ikkje så mykje å gjera. Neste dag var det bibeltime kor me

las frå Johannesevangeliet. Dagen var grå, men utever var det. Føremiddagen gjekk med til volleyball, fotball og hesteskokasting. Etter middag sprang me natursti.

Seinare såg me ein spennande film kalla "Flukten". Han handla om ein rømd fange som

fekk oppleve at me ikkje kan røma frå Jesus.

Om kvelden var det ny runde med sang, teiknefilm og konkurransar. Det var og utdeling av premiar. Etterpå steikte me vafler og drakk kakao. Denne kvelden var det ikkje fullt så lett å få sova - det var mange som ikkje fann romma sine så fort!

Me hadde bibeltime etter frokost på onsdagen og. Me reiste heim utpå føremiddagen.

Til saman med dei 6 leiarane var me 60 stk. Det var ein passe stor gjeng, slik at me blei godt kjende med kvarandre.

Svanhild A.

FÅ REGISTRERTE ARBEIDSLAUSE FRÅ BOKN

Distriktsarbeidssjef Bygnes ved arbeidskontoret for Karmøy og Bokn opplyser til bygdabladet at frå Bokn kommune var det pr 24.oktober

3 personar tilmelde som var heilt arbeidslause. 10 personar var delvis sysselsette, og 4 var i arbeidsmarknadstiltak.



AKTIVITETER I BOKN RØDE KORS

Jula nærmar seg, og i Bokn Røde Kors er planlegginga i full gong. Første sundagen i advent vil me invitera alle til å vera med på tenning av julegrana ved Boknatun. Bokn Brass blir med oss og får opp julestemninga, og det dukkar nok opp nissar og litt av kvart. Me må ta værforbehold, og blir det alt for ille får me heller satsa på sundagen etter.

Innsamling til Polen : I samarbeid med hjelpestiftelsen "Aid around the world" startar me innsamling av klær, sko og JULEGÅVER til barneheimar, barnesjukehus og barnefamiliar i sørlege del av Polen. Hjelpa går m.a. til Katowitze, Polens mest forurensa by.

Ein trailer frå denne hjelpestiftelsen køyrer til Polen igjen i månadsskiftet november/desember, og våre pakkar blir sendt med den slik at innsamlinga vår blir avslutta midt i november. Kva treng dei så?

Spesielt klær til barn, vintertøy, luer, vottar, strikkegenserar, dynejakker og SKO .

Inflasjonen i Polen er enorm, varer fins i butikkane, men vanlege folk har ikkje råd å kjøpa dei.

Me har lyst å senda med ein sekk julegåver , her kan de leggja oppi det de vil, t.d. leiker, sokkar, såper, sjokolade, rosiner, men skriv gjerne utanpå pakken til kva aldersgruppe den er meint for, det gjer det lettare for dei som skal fordela pakkane. Julepapir er ikkje nødvendig å ha på.

Juletresalg : det blir det i år og, sjå etter i julenummeret av bygdabladet eller etter lapp i postkassa.

Adventkalenderen : Den populære julekalenderen med 24 lodd i blir å få kjøpt i år og. Vinnarlodda blir kunngjorte kvar dag i Radio 102 og i Haugesunds Avis.

Tekstilkalender 1991 : Ei alle tiders julegave til store og små, fin og fargerik, til å hengja på veggen. Er til salgs hjå Røde Kors for kr.40. Ein grei og praktisk førstehjelpspose i vanttett stoff (sjølvsagt med innhald!) er å få kjøpt for kr.75. Kjøp nyttige julegåver i år og støtt samstundes Røde Kors.



Mars-basaren : er under planlegging, og er ikkje berre basar men vil og innehalda mange aktivitetar og ein del underhaldning for heile familien - barna spesielt.

Hjelpekorpsset er i full aktivitet, dei var nettopp med på ein stor øvelse på Karmøy ei helg, det var lærerikt og inspirerende. Slike områdeøvelsar der alle hjelpekorpsa i Nord-Rogaland deltar blir haldne vår og haust kvart år, og neste gong blir øvelsen lagt til Bokn!

Besøktjenesten har og jula i tankane, dei vil m.a. arrangera handletur for ein del eldre før jul. Dei vil gjerne ha med fleire folk i besøktjenesten, for oppgåvene og behovet er større enn kapasiteten no, så dei har planar om å arrangera nytt kurs utpå nyåret. Er du interessert i å vera med eller berre vil høyra kva dette er, kan du ta kontakt med Else Nilssen eller Solvor Våge.

Frå vegvesenet har me fått to gamle brakker, og desse vil bli plasserte ved barnehagen. Dei skal pussast opp både inni og utanpå, og her vil me få plass til ein god del førstehjelpsutstyr samt eit kontor, så etter jul blir Bokn Røde Kors å treffa der.

Viljen til å lindra og forebyggja menneskeleg naud og liding er den sentrale ide i alt Røde Kors arbeid. Den 4.november er det TV-aksjon igjen. I år skal pengene gå til Redd Barnas arbeid, oppdraget med å vera bøsseberer har i år Bokn Røde Kors fått og me ser fram til å kunna vera med både å gå og gi. Målet er klart: Å vera betre enn Utsira!!!



Redd Barnas
TV-aksjon
4 november 1990

EN HIMMEL FULL AV STJERNER

REDD BARNAS TV AKSJON SØNDAG 4. NOVEMBER

Det er organisasjonen REDD BARNAs som skal disponera dei pengane som kjem inn frå TV-aksjonen 1990. Pengane skal gå til REDD BARNAs sitt arbeid generelt, men under aksjonen vert det likevel fokusert på barn i nokre utvalde område.

I Bokn har Røde Kors tatt på seg det praktiske arbeidet med å vera innsamlarar i år. Aksjonen vert søndag den 4. november. Her i Bokn vil bøsseberarane gå ut ved 2-tida. Dei vil ha merkte bøsser og legitimasjon.

BOKN STØTTAR KVINNER:

KRISESENTERET

Bokn formannskap vedtok i møte den 25 september å tilrå at kommunen går inn i det interkommunale samarbeidet om drift av Krisesenteret for Haugesund og omland.

For Bokn kommune vil kostnadene med dette for 1991 bli ca. kr. 3.800,- . Tidlegare har Nord-Rogaland rådet tilrådd medlemskommunane

å godkjenna samarbeidsavtalen med Krisesenteret for Haugesund og omland.

I vedtektene for Krisesenteret heiter det at det har til formål å hjelpa kvinner og barn som er i akutt krise, er mishandla fysisk eller psykisk. Krisesenteret skal vera ein stad der kvinner og barn kan vera trygge i ein overgangsperiode.

KVINNEFORUM

Bokn formannskap vedtok i møte den 25.09 å løyva kr. 20.000,- frå det kommunale næringsfondet til arbeidet med å utvikla kvinneforum i Bokn. Midlane skal fortrinnsvis nyttast til tiltak lokalt i Bokn. Arbeidet med å utvikla kvinneforumet vert lagt til næringskonsulenten i Bokn og kvinnekonsulenten i Rogaland

fylkeskommune.

Formannskapet ber om å få tilsendt årsmelding etter 1 års drift av kvinneforumet.

Ein av tankane bak eit kvinneforum i Bokn er å utnytta kvinnene sterkare som ressurs i stads- og miljøutvikling i nærmiljøet, og dermed skaffa fleire arbeidsplassar for kvinner.

ÅRSMELDING FRÅ SJUKESTOVA OG ÅPEN OMSORG

Ei fyldig og god årsmelding frå drifta i 1989 frå Bokn sjukestove/åpen omsorg er behandla av helse- og sosialstyret.

Bygdabladet har kikka litt i årsmeldinga, og har plukka opp ein del interessante ting om drifta.

Ved dei 6 døgnplassane er det totalt 2190 mulege liggedøgn. Her har 2104 vore nytta. Det vil seia ei utnytting på 96%. Ved den eine dagplassen har utnyttinga vore 84%. Utnyttinga har ikkje vore jamn i løpet av året, og har variert frå juni med 72% til 131% i januar.

Gjennomsnittsalder på pasientane har vore 81 år, med ein variasjon frå 70 til 93 år.

Det har vore 35 innskrivingar av pasientar frå heimen, 4 frå annan institusjon. Av utskrivningane har 37 vore til heimen, 3 til annan institusjon, og 1 dødsfall.

Av velferdsarrangement kan nemnast eldrefest på Allrommet, besøk av skulekorps og blandakor 17. mai, Fylkesmusikarane, Romjulsfest, tirsdagstreff på Allrommet,

andakt kvar 14. dag, samarbeid med skuleelevar frå Bokn skule.

Heimesjukepleien har foretatt til saman 918 besøk i heimane.

20 personar har mottatt heimehjelp i 1989.

Bokn kommune er tilknytta legevakta på Karmøy, men bruker sjukepleiarane i førstelinjeteneste ved akutt hjelp. Kontakten til legevakta går såleis ofte gjennom sjukepleiar på vakt. I 1989 var det 417 henvendelsar om akutt hjelp. I 115 av tilfellene var det uttrykking av sjukepleiar. Resten vart tatt hand om ved sjukestova.

Utanom vedlegg er årsmeldinga på 21 sider. Stor honnør til Terje Are som har utført skrivinga på dataanlegget sitt på Boknatun!



"-reven var ute med rumpa så lang."

SKOTPREMIE PÅ REV


Bokn formannskap har ovafor kommunestyret tilrådd at det vert innført skotpremie på rev frå 1. januar 1991.

Skotpremien skal vera kr. 150,- pr. dyr.

Saka er fremja etter at Bokn viltneemd har søkt kommunen om at det burde innførast slik skotpremie. Viltneemda har drøfta saka med viltkonsulenten i fylket. Det er foreslått at Bokn kommune skal dekkja 50 % og Bokn sau- og geiteavlslag same prosent av skotpremien.

Sist saka var oppe var i 1989 då viltneemda foreslo ein skotpremie på 750 kroner. Då meinte formannskapet at viltneemda måtte vurdera premiestorleiken på ny, då forslaget til premie var langt høgare enn i nabokommunane.

Tysvær-reven skal berre passa seg dersom han vågar å kryssa dei tre bruene. Då må det vera betre å bli skoten i i Tysvær kor premien tross alt går opp i 225 kroner.



LENSMANN

Som tidlegare nemnt i bygdabladet er lensmannskontoret i Akسدal-senteret. Utanom dette har lensmannen kontortid i Boknatun den siste fredagen kvar mnd. kl.12.00 - kl.14.00.



BOKN KOMMUNE

4290 FØRESVIK

Bokn helse- og sosialstyre har midlar som skal gå til styrking av leiarsituasjonen i lag og foreningar for barn og unge. I praksis vil det seia at ein ynskjer å gi ei oppmuntring og ei støtte til leiarane i form av pengar til for den innsatsen dei gjer når det gjeld å aktivisera barn og unge i Bokn. Dei foreningane som har fleire leiarar må dela tildelte midlar mellom desse. Søknadsskjema får ein ved å venda seg til sosialkontoret.

SØKNADSRIST: 12. NOV. 1990.



BOKN KOMMUNE

4290 FØRESVIK

BOKN SJUKESTOVE-LEDIG STILLING

Frå 01.01.91 er det ledig 2 halve stillingar for sjukepleiar (natt).

Dersom det ikkje melder seg kvalifiserte søkjarar kan anna personale med relevant utdanning og /eller praksis søkja og få tilsetjing for 1 år.

Tilsetjing på vanlege kommunale vilkår. Off. godkj. sjukepleiar vert løna som avd. sjukepepleiar i ltr. 23. Dei som vert tilsette må retta seg etter dei endringar i arbeidsområdet som vert fastsett.

Opplysningar om stillingane får ein ved å venda seg til pleie- og omsorgssjef eller avd.sjukepleiar ved sjukestova/åpen omsorg, tlf. 74 85 00.

søknadsfrist: 23.11.90.

BOKN BYGDEBLAD

UTGJEVAR:

Bokn kommune
4290 Føresvik
Tlf.04-748500
Postgirokonto nr.5 68 45 01
Bankgirokonto nr.3373.07.00305

BYGDEBLADNEMND:

Ingunn Våge
Arvid K. Jøsang
Liv Vatnaland

REDAKTØR:

Reidar Alvestad

ABONNEMENT:

Gratis til alle husstandar i Bokn.
Utanbygds: kr.100,- pr. år.

ANNONSEPRISAR:

Heilside: kr.300
Halv side:kr.150
1/4 side: kr. 75
1/8 side: kr. 50
Små privatannonsar: kr.10,-.

FRIST FOR STOFF:

Den 20. i kvar mnd.
Bladet kjem ut med 10 nr. årleg.

B



BOKN KOMMUNE

4290 FØRESVIK

Barnehageplassar

Etter vedtak i opptaknemnda skal ledige plassar i Bokn barnehage lysast ut ved oppslag eller gjennom bygdbladet når ein ikkje har søkjarar på venteliste frå hovedutlysinga.

Med atterhald om oppseiing av tildelt plass, kan barnehagen ha ledig plass på:

- a) Halv dag tysdag og torsdag (3 - 5 årsgruppe).
- b) Halv dag månd/onsd/fred. (6 årsgruppe).
- c) Heil dag 5 vekedagar.

Det må gå fram av søknaden kva for alternativ ein er interessert i, og om det ligg føre spesielle grunnar som bør tilseie tildeling av plass. Søknad kan sendast barnehagen innan torsdag 8.november 1990.

Skulesjefen.

HELSESTASJONEN er stengd
tysdag den 13. november.

GULLSMYKKE gut/herre funne på skulen 21.10.

Henv. skulekontoret.

FOTPLEIE

Det vert fotpleie måndag den 12.november. Påmelding til sosialkontoret tlf.74 85 00.

Arr. i november

02.11. Kino

09.11. Pensjonistforeninga
har møte

15.11. Kulturmønstring

17.11. Dans. Arr: Bokn
skyttarlag.

Til salgs

Mørk blå sportsvogn m/pose til salgs.tlf. 74 86 16 Aud Hanne.

SKULESTYREMØTE

Det vert skulestyremøte
torsdag den 22. nov.

VANSKELIG Å SKAFFE SLOKKEUTSTYR

Den nye brannforskriften har en siste frist for anskaffelse av slokkeutstyr 1. januar 1991. Slik situasjonen er blitt, vil imidlertid ikke myndighetene sette i verk noen form for reaksjoner mot boligeiere som ikke har klart å skaffe det påbudte slokkeutstyret innen fristens utløp dersom de har bestilt før fristens utløp og kan dokumentere dette, sier informasjonskonsulent Jan Haugerød i Direktoratet for brann og eksplosjonsvern.